



SAKSFRAMLEGG

Høring av konsesjonssøknad for Grunningsdalen kraftverk

Utval	Utvalssak	Møtedato
Samfunnsutvalet	18/26	27.05.2026
Kommunestyret	41/26	11.06.2026

Tilråding frå kommunedirektøren:

1. Seljord kommune er positiv til konsesjonssøknaden for Grunningsdalen kraftverk.
2. Det burde vore gjennomført akvatiske undersøkingar som ein del av konsekvensvurderinga for å betre vurdere konsekvensane ved utbygginga i vassdraget.
3. Det bør setjast vilkår for tilbakeføring av mellombelse masselager.

Handsaming i Samfunnsutvalet - 27.05.2026

Forslag frå H, Frp, Ap og Sp:

Seljord kommune er positiv til konsesjonssøknaden for Grunningsdalen kraftverk.

Forslaget frå H, Frp, Ap og Sp vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Samfunnsutvalet - 27.05.2026

Seljord kommune er positiv til konsesjonssøknaden for Grunningsdalen kraftverk.

Handsaming i Kommunestyret - 11.06.2026

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 11.06.2026

Seljord kommune er positiv til konsesjonssøknaden for Grunningsdalen kraftverk.

Innleiing:

Det er søkt om konsesjon for bygging av Grunningsdalen kraftverk i elva Grunnåi i Seljord kommune. Tiltaket gjeld eit småkraftverk utan reguleringsmagasin, der vatnet vert teke inn på kote 687 moh. og ført i nedgravd røyrgate om lag 1,9 km til kraftstasjon på kote 612 moh. Kraftverket vil utnytte eit fall på om lag 75 meter.

Planlagt installert effekt er 2,9 MW, og årleg middelproduksjon er estimert til om lag 5,9 GWh. Produksjonen er fordelt med om lag 2,3 GWh vinterstid og 3,6 GWh sommarstid. Dette svarar til straumforbruket til rundt 295 husstandar, og vil bidra med ny fornybar energiproduksjon lokalt.

Tiltakshavar er Småkraft AS som er eit produksjonsselskap for småkraft etablert i 2002, med det nederlandske pensjonsfondet APG som majoriteteigar. Selskapet, som er Europas største småkraftprodusent, eig og driv over 219 kraftverk i Noreg og Sverige og samarbeider med meir enn 750 grunneigarar om å produsere over 2 TWh fornybar energi årleg. Grunneigarane beheld eigedomsretten til vassfalla som vert bygde ut.

For Grunningsdalen kraftverk har Småkraft inngått avtale med grunn- og fallrettseigarane om utvikling og utbygging. Selskapet har også ein samarbeidsavtale med Hywer AS om utvikling og eventuell utbygging dersom konsesjon vert gitt. Hywer er ein sentral aktør innan småkraft i Noreg, med 79 gjennomførte prosjekt og samla årleg produksjon på over 1 TWh.

Konsesjonssøknaden er utarbeidd av Hywer AS, med fagleg bistand frå Sweco Norge AS til hydrologiske vurderingar, produksjonsberekningar og analysar av verknader for miljø, naturressursar og samfunn. Grunneigarar er Hallgeir Aarbakk (59/1) og Vemund Skafså Bjørge (2/1)


Fylke: Vestfold og Telemark	Kommune: Seljord	Gnr./Bnr.: 59/1.2/1	Elv: Grunnåi
Nedbørsfelt: 51,9 km ²	Inntak /utløp kote: 687/612	Slukeevne (maks): 4,66 m ³ /s	Slukeevne (min): 0,69 m ³ /s
Installert effekt: 2,9 MW	Årsproduksjon: 5,9 GWh	Utbyggings pris: 7,28 kr/kWh	Utbyggingskostna: 43 mill. kr

Fakta:

NVE har sendt på høyring søknad om konsesjon for bygging av Grunningsdalen kraftverk. Frist for tilbakemelding er 15. juni 2026. Arealet er regulert til LNFR i kommuneplanen.

Prosjektet ligg i same vassdrag som Grunnåi kraftverk, og det er planlagt fleire utbyggingar i området. Det finst leidningsnett i nærleiken, og ein skogsbilveg følgjer elveløpet.

Tiltaket omfattar eit inntak i Grunnåi og vassveg i form av nedgravne røyr fram til kraftstasjonen. Nedbørsfeltet til Grunnåi ligg i Skiensvassdraget.



Grunnåi vert allereie nytta til kraftproduksjon. Grunnåi kraftverk, med ein produksjon på om lag 57 GWh, ligg nedst i hovudelva og nedstraums det planlagde Grunningsdalen kraftverk. I tillegg finst det tre minikraftverk i Sagbekken og eitt i Kvennhusåi, som samla produserer rundt 6 GWh årleg.

Ei dobbel 300 kV-kraftlinje (produksjonen skal inn på 22 kV) går gjennom dalen på sørsida av elva, i ein avstand på 70–160 meter frå den planlagde utbyggingsstrekninga. Mellom kraftlinja og elva går ein skogsbilveg inn til Slåkåvatn. Det er ikkje busetnad langs den planlagt påverka elvestrekninga, men det ligg eit hyttetun på Nymoen, like nedstraums den planlagde kraftstasjonen. Elles finst det noko fritidsbusetnad i nedre del av dalen og fleire hytter rundt Slåkåvatn, medan nordsida av elva er utan tekniske inngrep.

Det er ikkje planlagt overføringar eller reguleringsmagasin for Grunningsdalen kraftverk. Det er planlagt eit inntak i Grunnåi på kote 687, om lag 2 km nedstraums Slåkåvatn. Inntaket skal byggjast på fast fjell og vil bestå av ein betongdam på om lag 12 x 3 meter, kombinert med ein låg terskel på ca. 22 meter langs nordleg elvebreidd.

Dammen får ein høgd på inntil 3 meter og vert utstyrt med botnluke og røyr for slepp av minstevassføring. Tiltaket vil føre til ei mindre heving av vassnivået ved inntaket, og det vassdekte arealet i inntakskulpen vert om lag 1000 m².

Vassvegen er planlagd som nedgrave røyrgate på om lag 1870 meter frå inntaket på kote 687 til kraftstasjonen på kote 612. Røyra skal leggjast i kombinert jord- og fjellgrøft, og det vil vere noko behov for sprenging. Det er ikkje planlagt nye vegar, bortsett frå ei kort avkøyrsløp på 20–50 meter til kraftstasjonen. Eksisterande Grunningsdalsveg må oppgraderast til skogsbilveg (vegklasse 3) for å handtere tungtransport, og det skal etablerast snuplass ved inntaket for mellomlagring i anleggsperioden. Inntaket ligg tett ved eksisterande veg, så ny tilkomst er ikkje naudsynt. Tiltaket vil gi eit masseoverskot på om lag 6000 m³, og det kan bli behov for mellombels massedeponi.

Før:



Etter



Konsesjonssøkar har vurdert tiltaket slik i sin søknad til NVE:

Kostnader og økonomi

Utbyggingskostnaden er berekna til om lag 43 mill. kroner, som gir ein spesifikk utbyggingspris på 7,28 kr/kWh. Kostnadene omfattar mellom anna inntak og dam, røyrgate, kraftstasjon, elektriske anlegg og nettilknytning.

Tiltaket er venta å gi økonomiske inntekter til både utbyggjar, grunneigarar og kommune. Kommunen vil få auka skatteinntekter både i anleggs- og driftsfasen, og prosjektet kan bidra til lokal verdiskaping gjennom bruk av lokale entreprenørar. Grunneigarane vil få leigeinntekter frå fallrettane, og prosjektet kan styrke næringsgrunnlaget i området.

Utbygginga vil føre til redusert vassføring på strekninga mellom inntak og kraftstasjon, der om lag 62 % av vassmengda vert nytta til produksjon. Det er føreslått minstevassføring på 0,19 m³/s om sommaren og 0,09 m³/s om vinteren for å dempe negative verknader.

Miljø og naturressursar:

- Tiltaket vil gi noko negativ konsekvens for terrestrisk miljø, akvatisk miljø og landskap, hovudsakleg som følge av redusert vassføring og arealinngrep.
- Det er registrert naturtypar med verdi (mellom anna gamal granskog), men desse ligg i hovudsak utanfor direkte inngrep og vert i liten grad påverka.
- Akvatisk miljø, inkludert småfisk og botndyr, kan bli noko negativt påverka, men ikkje i vesentleg grad.

Landskap og brukarinteresser:

- Landskapsverdiar vert noko forringa, men inngrepa er avgrensa då røyrgata vert nedgrave og følgjer eksisterande veg.
- Området er lite nytta til friluftsliv, og konsekvensane for brukarinteresser er vurdert som ubetydelige.

Naturfare og klima:

- Tiltaket ligg delvis innanfor aktsomheitsområde for flaum og skred, og det må gjennomførast nødvendige sikringstiltak.
- Klimaendringar kan påverke tilsig og flaumforhold, men tiltaket er ikkje venta å gi vesentleg endring i naturfare.

Samfunnsverknader:

Samla sett har konsesjonssøkar vurdert dei samfunnsmessige verknadene som positive, gjennom auka fornybar energiproduksjon, lokal verdiskaping og inntekter til kommune og grunneigarar. Samstundes vil tiltaket bidra til auka samla belastning på vassdraget, sidan det allereie er fleire kraftutbyggingar i området.

Vurdering:

Kommunedirektøren har vurdert søknaden slik:

Økonomi

Grunningsdalen kraftverk er eit relativt lite småkraftprosjekt med planlagt produksjon på om lag 5,9 GWh årleg. Tiltaket vil gi eit bidrag til lokal fornybar energiproduksjon og kan isolert sett vere i tråd med nasjonale mål om auka produksjon av fornybar energi. Samstundes må tiltaket vurderast i lys av samla belastning på vassdraget og lokale miljøverdiar.

Søknaden legg til grunn at tiltaket vil gi positive økonomiske verknader for kommunen gjennom auka skatteinntekter og lokal verdiskaping. Kommunedirektøren vil peike på at desse gevinstane i stor grad er usikre og vanskelege å talfeste på førehand.

Eigedomsskatten på 43 mill. * 0,7 % er i storleiken rundt 300 000 kroner, redusert med 1/70 del kvart år i 70 år.

Naturressursskatten er på kr 1,13 per kWh til kommunen og kr 0,21 per kWh til fylkeskommunen, rekna av gjennomsnittleg produsert kraft i inntektsåret og dei seks føregåande åra. For kommunen vil dette bli utlikna mot inntektsutjamninga, sidan Seljord kommune er ein låginntektskommune, så effekten vil vere avgrensa. Sannsynlegvis er utbygginga for lita til at NVE vil gi konsesjonsavgift, og om kommunen får det, er det ikkje store summar.

Søkjjar har lagt til grunn at utbygginga vil gi oppdrag til lokale entreprenørar og næringsliv. Samstundes er dette ikkje kontraktsfesta, og erfaring frå liknande prosjekt viser at ein vesentleg del av arbeid og leveransar ofte vert utførte av regionale eller nasjonale aktørar. Ein stor del av kostnadene gjeld røyr og elektromekanisk utrusting som ikkje kan leverast av lokale aktørar.

Leigeinntekter til grunneigarar er eit moment som styrkjer privatøkonomien lokalt, men gir ikkje direkte inntekter til kommunen utover ordinær skattlegging, jf. også inntektsutjamninga.

Samla vurderer kommunedirektøren at dei økonomiske gevinstane for kommunen er reelle, men moderate og usikre, og ikkje i seg sjølv bør vere avgjerande for vurderinga av tiltaket.

Miljø og ressursbruk

Tiltaket vil gi ei varig reduksjon i vassføringa på ein om lag 2 km lang elvestrekning, der hovuddelen av vassføringa vil bli nytta til kraftproduksjon. Dette er eit vesentleg inngrep i vassdraget, sjølv om det vert sett krav om minstevassføring. Grunningsdalen kraftverk vil utnytte ca. 61,9 % av vassmengda til kraftproduksjon, mens 38,1 % vil gå forbi inntaket. Midlare vassføring like nedstraums planlagt inntak vil etter utbygging vere 0,71 m³/s (mot 1,86 m³/s i dag). Om lag 7 % av tilsiget til inntaket i Grunningsdalen kraftverk blir slept som minstevassføring, medan 23 % går som flaumtap, og 7,9 % av tilsiget er lågare enn minste slukeevne. Vassføringskurvene for referansestaden like oppstraums utløpet frå kraftstasjonen viser i tillegg effekten av resttilsiget, som i gjennomsnitt er 0,19 m³/s.

Konsekvensutgreiinga viser at påverknaden på naturmiljø, landskap og akvatisk miljø i hovudsak er vurdert som «noko negativ». Kommunedirektøren vil likevel peike på følgjande forhold:

Biologisk mangfald og naturmiljø

Det er identifisert naturverdiar i området, mellom anna gammal granskog med verdi for biologisk mangfald. Desse vert ikkje direkte råka, men inngår i influensområdet. Sensitive artsdata er sjekka, men det ligg ikkje føre registreringar av hekke- eller leveområde for rovfugl og andre omsynskrevjande artar. Gaupe er registrert innanfor influensområdet (strefande).

Det er vidare lagt til grunn i søknaden at tiltaket ikkje i vesentleg grad rører våtmarkstypar. Dette framstår som noko forenkla. Sjølv om myrene ikkje er klassifiserte som særleg verdifulle isolert sett, kan endringar i lokal hydrologi over tid føre til uttørkingstendensar, med påfølgjande endringar i artssamansetjing og funksjon. Dette er eit forhold som i avgrensa grad er drøfta i søknaden. Ut frå bilde ser det ut som myrområde blir påverka av røyrkata.

Redusert vassføring kan påverke artssamansetjing og levevilkår i og langs elva, og konsekvensane er i nokon grad usikre, då det ikkje er gjort kartlegging av akvatisk miljø i samband med konsesjonssøknaden. Søknaden vurderer likevel konsekvensane som noko negative.

Friluftsliv

Sjølv om verdifulle naturtypar i seg sjølve ikkje blir særleg negativt påverka, har også det meir ordinære landskapet – med stillheit og naturopplevingar – stor verdi for friluftslivet, kommunedirektøren er difor ikkje samd i at tiltaket får ubetydeleg konsekvens for friluftslivet.

Grunningsdalen som naturområde vil bli vesentleg endra når store delar av vassdraget blir lagd i røyr. Vassvegen vil bli lagd i grøft på sørsida av bilvegen. Det same gjeld kabelen frå kraftstasjonen og ned til tilkoplingspunktet for 22 kV-leidningsnett. Både rørgatetraséen og kabelgrøfta er føresette revegeterte. Dette er eit flott turterreng for fotturar og sykling, elva som snor seg gjennom dalen er viktig element med å skape ein god stemning i området. Det er fleire stoppestader og badeplassar i dette området.

Slåkja, Mælefjell (Lonadalen) og Lifjell er flotte og populære turområde med utgangspunkt i Grunningsdalen. Veggen til Slåkja bli rusta opp i samanheng med fiberlegging for 2-3 år sida. Veggen eignar seg godt som sykkelveg, og er tilrådd som sykkelrute på visittelemark.no. Vesentleg redusert vassføring og støy frå kraftverket vil kunne svekkje desse opplevingane for brukarane av området.

Landbruk

Konsekvensane for landbruket er vurderte som ubetydelege, og kommunedirektøren er samd i denne vurderinga.

Kommunedirektøren meiner difor at dei samla konsekvensane for miljø og friluftsliv ikkje bør undervurderast, sjølv om kvart enkelt inngrep framstår som avgrensa og vassdraget er påverka frå før av kraftutbygging.

Konklusjon:

Tiltaket representerer ei typisk småkraftutbygging med relativt avgrensa produksjon og moderate inngrep, men der fordelane i hovudsak er knytte til privatøkonomi og energiproduksjon, medan ulempene i større grad er knytte til naturinngrep, opplevingsverdiar og friluftsliv i Grunningsdalen og redusert vassføring. Akvatiske undersøkingar er ikkje gjorde, kunnskapsgrunnlaget på dette området kunne vore betre. Konsekvensane for friluftsliv er vurdert for lågt og det bør setjast vilkår om istandsetjing og tilbakeføring av mellombelse massedeponi.







Vedlegg

1 Grunningsdalen kraftverk konsesjonssøknad